



1. klasse på Uskedal skule er klar for læring og leik.

Presis kl. 09.00 i dag var alle fyrsteklassingane med foreldre på plass på Uskedal skule. Med flagget til topps møtte rektor Odd Steinar Arnesen, kontaktlærer Elisabeth Amundsen og assistent Gunnbjørg Eik 13 forventningsfulle elevar på deira fyrste skuledag. Elevtalet held seg stabilt nokre år framover. Så er det nedgang, noko som er ein nasjonal trend. Personalgruppa er om lag som i fjor. Tanja Bringedal frå Herøysundet er nyttilsett lærar i år. Elevtalet er 102 og skulen er fulldelt.

Elevtalsutviklinga på Uskedal skule syner nedgang frå 2022. Dersom tala held seg slik statistikken syner er talet 6 åringer under 10 frå dette året og slik held det seg fleire år framover.

Rektor Arnesen vonar på ei endring til det betre. Det manglar ikkje på tilgang til tomter og bustader. Verre kan det vera med arbeidsplassar i bygda. Så veit vi at det er auka sysselsetjing med Hydro Husnes si utbygging. SELSTAD har signalisert utvida produksjon og drift på Eidsvik. Landbruket er i vekst med nydyrking og overgang til lausdrift. På fleire bruk er det eit generasjonsskifte for tida. Det er ein merkbar optemisme innan landbruket.

1. klasse på Uskedal skule i alfabetisk rekkjefylgje:

- Mazen Mohamed Abukar
- Margrete Flygansvær Feet
- Wiktoria Jadwiga Grod
- Anna Hermann-Fossli
- Sølve Huglen
- Kairys Natas
- Andrea Koløy
- Per Håkon Korsvold
- Mathias Myklebust
- Mileah Myklebust
- Nikodem Rogola
- Håkon Guddal Tarberg
- Nora Haavik Tungesvik

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal